slikt, han maatte vera van til nokot, som var meir en rimelegt. “Ja, da er darpaa aa lita, at da er ein, som heve Skyn paa, kor Folk hava da,” segjer ho; “da er som dei segja: da er godt dan skynjuge skjenkja. Ellest maa dar no sagte vera ein betre Livemaate paa andre Stader en her hjaa oss; fyre da hender stundom, naar her kjem framande Folk i Bygdi, at dei laata so ille yver dan Visi, som me bruka, og tykja da er klint og ille voret, alt som me hava.” — “Eg meiner, eg heve fulla set Merke paa da,” sagde eg, “men da er berre Kræsna og Uvittingskap; dei er ikje alle so væl vane fyre alt di; men da kann væl henda, at dei hava komet inn i eit Fille-Kot einkvarstad og set, at dar var nokot ruskut og vanstelt, og so tru dei strakst, at da skal vera allstad like eins, og so ganga dei og grina aat alt, som ein byd dei; dei var inkje verde te faa da so godt eingong.” — Eg kann ikje undrast so myket paa da,” segjer han Olav, “fyre da hender enddaa med Folk or vaare eigna Bygder, naar dei hava voret burte nokre Aar og er komne nokot til Manns, at dei er reint umskapade, naar dei koma heimatter, og so storvorne, at da er ingen Ting til Lags aat dei. Og difyre tykjer eg no, at da er so hyggjelegt aa høyra paa ein, som heve andre Tankar, og som endaa skynar paa Heimeskikken og inkje forsmaar sine gamle Kenningar.” — “Ja”, svarade eg, “da var no sagte inkje meir, en som rett var. Eg kann inkje sjaa, at ein heve nokot te vera storlaaten av, um ein heve vant seg te ei onnor Vis. Vistnog er da no so, at ein lyt skapa seg um paa mange Maatar, naar ein kem ut i Verdi; men da er daa berre ei Møda og ein Trældom, som ein er nøydd til, og inkje vert ein no so snart utlærd i Kunsten helder. Da vert sjeldan

nokon rettug Bymann av dan, som inkje er upp-alen til di og heve lært nokot i Yngdi; han kann brøyta paa seg og skapa seg um so myket som han vil, so kann da daa henda, at han vert halden fyre ein Byting og ein Tverstøyt i all si Tid, og er so litet vyrd ibland sine Grannar, at da er ein Harm aa høyra da. Og daa tykjer eg, han heve litet til aa gera seg til av, og han kann gerne vera glad og takka til, at hans gamle Landsmänner vil kennast ved honom.” — Soleid vart me sitjande lengje og svallade baade um da eine og da andre, og sidan laut eg vera med ut og sjaa paa Husi. Daa var me fyrst inn paa Budi og saag paa Fødevarorna, og dar var da væl fyresytt og tillagat nokot av kvart Slag, so som da kann vera paa dan Aarsens Tid; fyre i da Bilet plar da no jamnaste vera litet i Buderna, undtakande hjaa rike Folk, som kann hava Fyreraad elder Fyreferd til eit heilt Aar; ellest plar da vera berre so myket, at da kann vara væl til Hausten, so dan gamle Aaringen rekk ihop med dan nye. Sidan var me ute og saag paa dei andre Husi, og dei var allesaman godt i Stand og væl haldne baade med Tak og Tile¹ og med all sin Innreidnad. No vilde dei endelege, at eg skulde vera hjaa dei til Morgons; fyre no skulde me fyrst ut og sjaa paa Aakrarne og paa Marki, og sidan skulde me aat Sumarfjoset og sjaa paa Fenaden naar han kom heim til Kvelds. Men eg tykte, eg kunde inkje giva meg til lenger; eg vilde so gerne koma paa Vegen atter, og dartil so tykte eg, da var leidt aa føra Umak paa Folket og hefta dei i Annsemdi si;² dei vilde gera væl og reknade vist inkje paa da, men eg visste, at ein Mann paa ein sovoren Gard heve annat

¹ Gulv. ² i sin Travlhed.

te gera en aa taka mot Vitjarfolk¹ og heftast med dei midt i Vyrkjo.² Og difyre gjorde eg Tidi so kort, som eg kunde og takkade fyre vælgjort og bad væl liva; og endaa fylgde Mannen meg eit Stykke paa Vegen, fyrren me skildest.

40. Um Dikting.

Da er mange, som segja, at ein Fortelnad, som er berre diktad, er ein falsk og faanyttug Ting og skulde aldri voret skriven elder prentad. Dei ottast fyre, at da er berre Grillor og Yrkjeløysa, som avlar slikt, og at faatenkte Folk verta narrade av di og tru, at da er sant altsaman. Dei meina da og, at ærlege Folk maa hava so stor Vyrdnad fyre Sanningi, at dei inkje gera seg nokor Skemting av slika Sogor, som er logna³ og utruande. Dan Meiningen kann vera rett nog i seg sjølv; men ein skal gera Skilnad paa dei Tilfelli, daa da er naudsynlegt⁴ aa hava eit sant og truverdugt Vitnesmaal, og paa dei Tilfelli, daa da inkje er naudsynlegt. Naar ein skal fortelja nokot fyre Aalvore um ein kend og namngiven Mann, so skal ein fortelja da sannaste, som ein veit, og inkje nokot annat; legg ein daa nokot attaat, so gerer ein Urett, anten da so er til Skade elder Bate fyre dan, som da er sagt um. Og naar ein skal fortelja nokot fyre Aalvore um ein Tilburd⁵ elder eit Hendelse paa ei viss Tid og paa ein kend og namngiven Stad, so hev ein helder inkje Lov til aa segja annat en da, som sant er. Men naar ein berre vil fortelja um eit Huglynde⁶ elder ein Tenkjemaate, ei Vis elder Sed, som er brukeleg einkvarstad,

¹ Besøgende. ² Søgnedagene. ³ opdigtede, som Løgn. ⁴ nødvendigt.

⁵ Tildragelse. ⁶ Sindelag.

elder nokot slikt, daa er da inkje naudsynlegt aa halda seg til Folk, som ein ser elder kenner, og daa kann ein gerne setja fram Folk, som inkje er til, og giva dei Namn og tala um dei, som da var kende Folk. Og like eins er da, naar ein berre vil fortelja eit Hendelse anten fyre Moro Skuld elder til Uppllysnad um einkvar Lærdomen; daa maa ein og hava Lov til aa lata Tanken spela fritt og inkje binda han til da, som heve hendt ein Gong paa ein einaste Stad. Fyre daa er da inkje nokot Vitnesmaal um ein Ting, som Forteljaren sjølv heve set elder høyrst; men da er berre ei Utgreiding av ein Tanke, som han heve havt; da er inkje Mannen elder Folket, som da geng ut paa, men da er Huglyndet elder Aatferdi elder Livemaaten, anten han so kann vera lovande elder lastande. Da er berre faakunnuge Folk, som tru, at eit Dikt skal endelege handla um Diktaren sjølv elder Kenningarne hans, og som alltid spyrja etter, kven han heve meint med dei og dei Namni, som han heve brukat. Fyre da er ingi Torv til, at han skal berre fortelja Slarv og Drøsor um Kenningarne sine elder um slika Smaa-Slysnor,¹ som kann hava hendt i Grendi.

Naar ein Maalar skal tekna eit Tre, som stend paa ein uppnemnd elder utvald Stad, so tekna han da so, som han ser da fyre seg, og freistar paa te faa da so likt, som han kann; men naar han berre skal tekna eit Tre i aalmenneleg Meining, so bryr han seg inkje med aa sjaa paa nokot Tre, fyre daa kann han laga da etter sin eigen Hug. Og naar han skal tekna eit Berg, som han ser fyre seg, daa strævar han og paa, at Tekningi kann verta so lik sjølve Tingen, som mogelegt er. Men

¹ Uheld, Forseelser.

naar han skal tekna eit Landskap elder giva ei Vitring¹ um kor Landet ser ut fyre meste Parten, daa bryr han seg inkje med aa tekna ein einleg Flekk av Landet; men han tæk eit Berg og ein Skog elder ein Dal og eit Vatn og nokot av kvart Slag, so som da jamnaste ser ut, og da set han ihop i ein høveleg Skipnad² paa ei einaste Tavla. Daa kann ein inkje segja, at dan Jordflekken ligg her nordanfyre elder her sunnanfyre; men ein kann segja, at han ligg paa mange Stader, elder at sumt ligg paa ein Stad og sumt paa ein annan. Like eins er da med ein Fortelnad, som er diktad um Folkeseder og Folkeskippnad. Han kann tala um ei Slægt, ein Huslyd³ elder eit Sellskap, som inkje er til i Røyndi,⁴ men som godt kunde vera til og finnast paa mange Stader. Han kann tala um eit Fylgje av Tilburdar elder Hendelse, som inkje hava hendt paa ein einleg Stad elder ei einleg Tid, men som kann hava hendt paa ymise Stader og paa ymisa Tider. Daa er da berre eit Hopelag av upptenkte Folk og tenkjelege elder moegelege Tilburdar, som er sankade fraa ymisa Sidor og uppsette i eit tekkjelegt Samhøve, fyre di at dar skal vera meir Moro og meir Lærdom i da. Og daa kann ein inkje segja, at da er han Per elder han Paal, som er meint med di; fyre daa kann da henda, at Fortelnaden kann høva til mange Folk, som Forteljaren aldri heve kent elder høyrte eit einaste Ord um.

Slike Fortelnadar kann da røynelege⁵ vera myket Gagn i, naar dei er godt ihopkomne og høva til si Tid og sin Stad. Dei kann visa oss mange Mishøve,⁶ som trenga til Umbot; dei kann lasta og snerta paa mange

¹ Forestilling. ² Orden. ³ Familie. ⁴ Virkeligheden. ⁵ virkelig.
⁶ Misforholde.

Uvanar og Misdomar og falske Meiningar, som er myket aalgengde;¹ dei kann giva Døme² paa Klokskap og Godvilje, og vekkja Hug til Betring og Framgang i mange Maatar. So kann dei tena til Opplysnad og Vitring um ymise Tenkjemaatar og Seder, elder um ymise Stand og Samvære i Livet, som ein inkje ellest hadde Tilgang til aa kenna; og da er altsaman til Nytte, som kann auka Kunnskapen og giva Saali eit større og vidare Synsmaal. Og so er da dan store Dygdi med ein slik Fortelnad, at ein kann høyra og lesa han berre fyre Moro Skuld og endaa hava Lærdom av honom. Ein kann hava baade Gagn og Gaman paa ein Gong. Da er godt aa hava Lærdomen framsett i aalvorsame Raad og Fyretolor; men da er ogso godt aa hava han framsett i Fortelnad um vekkjelege Tilburdar og morosame Tilhøve;³ fyre daa er Folk fusare til aa høyra paa og verta inkje so snart leide. Da er eit Ord, som var kent fyre mange hundrad Aar sidan, at “han raakar Maalet best, som Gagnet med Moro kann mengja.” Og me hava so mange Døme paa, at endaa slike Menner, som hava skrivet Bøker um Kristendomen og da andelege Livet, hava inkje forsmaatt aa dikta Fortelnadar elder Sogor, som dei kunde setja Lærdomen sin inn i; og da er inkje tvilande paa, at dei gjorde god Verknad med di, like so væl som med sine andre Talar og Fyreteljingar.⁴

Men da er inkje helder avgjort, at alt da, som er fortalt og skrivet, skal endelege vera til eit Gagn, som alle kann sjaa med da same. Mannen⁵ er no eingong so skapad, at han treng til nokot annat en berre Aalvore

¹ almindelig gængse. ² Exempler. ³ Stillinger, Sammentræf.

⁴ Formaninger. ⁵ betegner her: Mennesket.

i Livet. Aalvoret plar jamnaste koma av sjølvo seg, og ein plar faa nog av da Slaget, anten ein leitar etter da elder ei. Da kann ofto henda, at Mannen treng til nokot, som kann letta og friska Hugen; da vil ofto henda, at han leitar etter Gaman og Skemting, og daa er da væl, um han kann finna slika Skemtingar, som er ingen Mann til Skade. Daa kann ein segja, at dan Lesnaden, som er til Gaman, er ogso til Gagn, naar han kann gera so myket, at Hugen kviknar, og Tankarne faa eit nytt Liv. Dar er, til Prøve, ein Stevleik,¹ som heiter "Fjell-Æventyret," som er væl kend og vide kend her i Landet; da er vandugt aa segja, kva Gagn elder kva Lærdom, som kann vera i da Stykket; men vist er da, at baade kunnuge og ukunnuge Folk hava voret fegne av di og tykt, at da var stor Mun² og Moro i da. Og naar ei Bok heve dan Verknaden, so kann ein aldri segja, at ho er gagnlaus.

Her hava me talat berre um slike Fortelnadar, som ganga ut paa nokot, som er moglegt og røynelegt i Verdi; men dar finst ogso manga Sogor um slike Tankeskapnadar og Tilburdar, som Mannen inkje kann sjaa elder merka i da røynelege Livet. Mest alle Folkeslag og Landslydar³ hava fraa fyrste Tidi havt ei stor Mengd av Runesogor⁴ og Vettesogor; dei hava diktat Kempesogor og Dyresogor; dei hava gjort fagra Visor um slike Tilburdar, som ganga yver alt da, som naturlegt og moglegt er. Og Sogorna og Visorna hava genget fraa Mann til Mann, fraa dan eine Samaldren til dan andre, og Folk finna Mun og Moro i dei endaa som fyrr, um dei endaa inkje tru, at da heve genget til røynelege so, som Sogorna lyda. Slika Sogor skulde

¹ Komodie. ² Interesse; Fornøielse. ³ Nationer. ⁴ Æventyr.

ein tru, maatte vera faanyttuga og litet verda te minnast; men naar alt er væl ettertenkt, so kann henda, dei er inkje so reint gagnlausa endaa. Me vil berre nemna, at dei kann vera til stor Upplysnad fyre dan, som vil skoda Aalmennings Hugen¹ og likna dan eine Landslyden med dan andre. Og darnæst vil me minna paa da, som sagt er, at da, som giv Gaman og ingen Skade, da gerer daa alltid da Gagnet, um da inkje gerer annat. Ein skal ikje halda Tanken so fast og bunden, at han ei maa faa Lov til aa gera seg ein liten Sving ut um Kvardagslivet og burt i ein annan Heim. Da er meste Parten av Folket som liver i eit snævt og litet Rom; da er litet, som Mannen ser fyre seg, og da litle, som han ser, er inkje alltid av huglegaste Slaget. Men han heve ein Hug, som vil ganga vidare, en som Augat ser, og dan Hugen er alltid sterk nog til aa slita seg ut or dei tronge Bandi, som halda han fast paa Flekken. Og difyre fylgjer han so gerne med Diktaren, naar han læt Hugen leika og spela ut igjenom dan endelause Verdi og setja Liv og Rørelse rundt ikring seg i audslege og ukjende Heimar. Men daa vil da gelda um, at Diktaren heve nokot te fortelja, som er verdt aa lyda paa, og at han veit aa fortelja da med da rette Liv og Lag, som høver til Aalmennings Hugen.

41. Um Storlæte.²

Da er ein Ting, som fylgjer med dei ymise Tilstandi i Verdi, at dar alltid maa vera myken Skilnad paa Folk, at sume maa vera megtugare en sume, og at dan eine kann hava mangein god Givnad framfyre dan andre. Men naar ein ser væl etter alt, so merkar ein

¹ Nationens Tilbøielighed eller Aandsretning. ² Stolthed.

og, at dar er myket som er likt med alle, at dar er ymise Veilor¹ og Vanskar, som endaa likaste Folket inkje er fritt fyre, og at da kanskje vert rettelege litet, som dan eine heve til aa gera seg stor av framfyre hine. Fyre da fyrste er dar mange Fyremuner,² som Mannen er liksom fødd med; han heve inkje lagt dei upp med sitt eget Stræv, men han heve fenget dei liksom sovande elder berre til Givende; og givna Gaavor skal ein takka Givaren fyre og inkje seg sjølv. Og darnæst skal ein hugsa, at desse Fyremunerne er likso snart farande som komande; dei kann vera lette te tapa og tunge te halda, og difyre kann ein inkje rettelege stola seg paa dei. Til aa vera stolt og storlaaten av slike Fyremuner er difyre jamnaste berre ein Uvitingsskap, og da vantar helder inkje Døme paa, at agtande Folk er smaalaatne³ og umgjengelege, medan faadugelege Folk er so byrge og bratte, at ein kann kvida mot aa møta dei paa Vegen.

Storlættet heve manga Orsakjer, og dei er ikje alla so myket mæta⁴ helder. Sume er storvyrdne av Likams Magt og Styrke, og sume av ein fager Skapnad og eit fint Andlit. Men da er mange, som hava havt dei Fyremunerne og endaa havt liten Baten av dei. Styrke er godt aa hava; men endaa sterkaste Folki kann verta utslitne og underbøygde av ymise Misfelle, og da heve ofto hendt, at ein veik og vanavlug Bul⁵ heve gjort større Ting og stadet seg betre i Lengdi. Fagerskapen elder Venleiken er og ein god Ting; men han er jamnaste kverven og kortvarug; han er like eins som Blomen paa Marki, fyre han glimar og bragar,⁶ so lengje som

¹ Skrøbeligheder. ² Fortrin. ³ beskedne. ⁴ betydelige, vigtige. ⁵ en svag Krop. ⁶ prunker, glimrer.

inkje røyner paa; men so snart som da kem eit Uvedr paa, so fell og folnar han Vonom snarare; og um han endaa slepp av fyre Uvedret, so heve han daa alltid ei kort Stund til aa standa i. — Ei onnor Rot til Storvyrdna er Standet, sidan dar er ei gamall Tru um, at sume Standi skal vera høge, og sume skal vera laage. Men da er betre, at Mannen pryder Standet, en at Standet skal pryda Mannen. Da er gode og dugelege Folk te finna i dei fleste Standi, og da finst ogso laake og faadugelege Folk i dei fleste. Og so hender da ogso jamt, at smaae Folk kann vera so heppne, at dei koma i eit betre Stand, og at store Folk kann vera so uheppne, at dei koma i eit verre Stand. — So er da og med Rikdomen, som mange Folk hava so ovlege store Tankar um. Han er sein til aa sankar, og snar til aa missa; dan som var rik i Fjor, er fatig i Aar, og eit annat Aar er da væl ogso einkvar, som heve mist Magti si og lotet sjaa paa, at smærre Folk hava stiget uppatter i Staden hans. — So paa Lag er da og med ei stor Æra og eit stort Ord; dar sjaa me ofto Døme paa, at Mannen kann missa da like fort, som han fær da. Naar han kann fara fint fram og vera alle Manns Vin, so kann da væl vara ei Stund frametter; men skulde han koma til aa gera eit litet Miskast elder nøydst til aa slaa paa ein Streng, som Folk inkje likar, so er da Ende paa den Skripno,¹ og daa kann da henda, at han fær Skam til Takk fyre alt ihop. — Nokot dilikt er da og med eit stort Vit elder ein stor Kunst og Lærdom: da er helder inkje nokot te gera seg til av. Vitet er ei Gaava, som Mannen inkje heve givet seg sjølv; og mest like eins er da med Lærdomen og, fyre han kem oftaste

¹ Kjælerie, overordentlig Yndest.

av eit godt Næme og godt Tilhald i Yngdi, elder i da minste av ei god Raad og Tilleiding¹ til aa læra. Og darnæst kann ein sjaa, at Vit og Lærdom er helder inkje alltid paalitande; fyre dar er mange Ting i Verdi, som er so blinde og løynde fyre Manns Augat, at dan lærde stend like fast som dan ulærde; og dar er so mange Tilfelle, daa ei ring og vandelaus Raad kann gera betre Gagn, en ei som er sløg og djuptenkt. Og helder inkje vantar da Døme paa, at ogso klokaste Folket kann ganga ein galen Veg, og at ein heimalen Styving² kann stella seg betre en dan, som klokare skulde vera.

Alle slike Fyremuner kann ein gerne slaa saman og kalla dei berre ei god Lukka. Vistnog er da sume av dei, som Mannen kann auka og fremda med si eigi Verksemd, men alltid er da daa so, at han treng Lukka til Verksemdi si og, um ho skal vera til nokor Hjelp. Da er mange, som hava stridt og strævat fyre da, at dei skulde koma eit Stykke fram i Verdi; men da vilde inkje lukkast fyre dei, da var faafengt og gagnlaust alt kva dei strævade. Og likevæl kann ein inkje segja, at dei var mindre verde te hava Lukka en so mange andre. Da er vandt aa vita, kven som verdugast er, og da kann væl vera einkvar, som tenkjer, at naar alt skulde ganga etter Verdleiken,³ so vilde mangein liten Mann vera stor, og mangein stor vera liten. Men naar Verdleiken er so vand aa døma, so skulde dan, som heve Lukko med seg, vera nokot varsam og vægjesam⁴ i sitt Umgjenge med dei, som hava havt mindre Lukka. Han skulde koma i Hug, at andre Folk kunde vera like so gode som han, naar Lagnaden elder Umstødorna⁵ hadde voret like gode

¹ Anledning. ² en udannet Klods. ³ Fortjenesterne. ⁴ føielig, skaansom. ⁵ Omstændighederne.

fyre dei som fyre honom. Han skulde ogso minnast, at dar endaa er visse Tilfelle, som bita like hardt paa dei store som paa dei smaae, at dar er visse Tilstand, daa alle maa luta og bøygja seg, og daa korkje Magt elder Æra kann hjelpa. Og allerhelst skulde han vara seg fyre aa bruka Magti si til Ugagn, liksom til aa skræma Smaafolket med og hogga mest paa dei, som minst kann verja seg. Dei kann hava Mein og Møda nog, um dei inkje skal hava Hat og Hæding¹ av dan, som dei helder skulde venta Hjelp og Stydnad av. Dan som heve so stort eit Mod, han kann alltid finna eitkvart, som toler aa taka imot, so han treng aldri um aa øyda da paa nokot Smaaflygje; dar kann alltid vera eit Verk elder ein Freistnad te gera, som krev baade Mod og Magt; og dar er da høvelegaste te prøva, kor langt da vil rekka.

C. Oversatte Stykker.

42. Døming um Forfederne.²

Da er vaar Tru, at Regjerings³ Vitskapen er ein freistnadleg⁴ Vitskap, og at han, liksom alle andre freistnadlege Vitskapar, er sedvanlege i eit Framgangs Tilstand. — — Da var ei Tid, daa dei megtegaste Manns-Viti⁵ vart narrade av Stjernetydaren og Gullmakaren sitt Slarv, og like eins var da ei Tid, daa dei klokaste og dygdugaste Regjerings Menner heldt da fyre dan fyrste Skyldugheiti fyre ei Regjering, at ho skulde forfylgja dei rangtruande, ho skulde byggja Kloster og føra

¹ Haan, Beskjæmmelse. ² Fra Engelsk, efter Macaulay. (*Critical and historical essays*. Tauchnitz Udgaven, 2, 291). ³ Med et reent norsk Ord kunde det hedde: Stjornar. ⁴ I Orig. *experimental*. ⁵ menneskelige Forstandsevner.

Strid imot Blaamennerne.¹ Men Tidi skrid fram; Røynslor² aukast til, og Tviler stiga upp. Linne Ljoskar av Sanningi taka til aa syna seg og lysa meir og meir, alt til da vert aalljos Dag. Dei beste Hovudi er, like eins som Fjelltopparne, dei fyrste til aa fanga og atterbjoda³ Dagsljoset. Dei er alt ljose, medan Flatlandet nedanfyre endaa ligg i Myrkre. Men da Ljoset, som fyrst berre lyste upp dei øvste Høgderne, vil snart skrida ned paa Flatorna og fara Landet igjenom like til dan djupaste Dal. Fyrst koma Tilvisningar,⁴ so koma Stubbar av Lærebygnadar,⁵ so koma halve elder ufullførde Lærebygnadar, so koma heile og samhøvelege⁶ Lærebygnadar. Dan rette Meiningen, som fyre ei Tid var uppehalden berre av ein einleg djerv Tenkjar, kem til aa verta Meiningen aat ei liti Undermengd⁷ sidan aat ei stor Undermengd, og so aat ei Overmengd i Mannslægti. —

Medan me sjaa slike Ting, og me sjaa da, som endaa dei mest hardsette Uviner imot Umbrøytingi⁸ kennast ved, at vaar Slægt heve til denne Dag voret mest alltid framskridande i Kunnskap, og medan me inkje sjaa nokon Grunn til aa tru, at dar, nett paa dan Tid daa me kom til Verdi, vart nokot Umskifte i Manns Givnaden⁹ elder i Maaten til aa finna Sanningi paa, — so er me Umbrøytes-Menner¹⁰; me halda med Framgangen og standa paa hans Sida. Fraa dei store Framstigi, som Sellskapet i Nordholvo¹¹ heve gjort i dei fire siste Aarhundradi i alle Greiner av Kunnskapen,

¹ Saracenerne. ² Kjendsgjæringer. ³ reflektere. ⁴ Antydninger, Vink. ⁵ Systemer. ⁶ harmoniske. ⁷ Minoritet. ⁸ Forandring, Reformer. ⁹ de menneskelige Aandsevner. ¹⁰ Reform-Venner. Eng. *reformers*. ¹¹ Europa.

vil me inkje draga dan Voni, at dar inkje er Raad til meir Betring,¹ men helder tru, at uendelege Betringar er med Visso ventande i kvar ein Vitskap, som er verd aa hava da Namnet.

Men sjølve dan Skodnaden,² som fører oss til aa sjaa ut imot Framtidi med so ljosa Voner, hindrar oss ogso ifraa te sjaa att paa Fyretidi med Vanvyrdnad.³ Me vil inkje høla⁴ oss sjølve med dan Tanken, at me hava naatt upp til Fullkomenskapen, og at dar inkje er meir Sanning atter til aa finna. Me tru, at me er visare en vaare Forfeder. Me tru ogso, at vaare Etterkomarar vil vera visare en me. Da vilde vera ein grov Urett av vaare Barneborn til aa tala um oss med Vanvyrdnad, berre fyre di at dei hava genget fram um oss. — — Og so som me vil, at Borni vaare skal døma oss, soleid skal me ogso døma Federne vaare. Naar me vil gera oss ein rettug Dom um deira Verdleike, so skal me tenkja oss sjølve inn i deira Umstødor;⁵ me skal fyre ei Stund draga fraa oss all dan Kunnskapen, som inkje dei kunde hava, kor trottuge dei endaa var til aa søkja Sanningi, og som me no er nøydde til aa hava, kor skøytelause me endaa kann hava voret. Da var inkje berre vanskelegt, men da var endaa reint umogelegt, fyre dei beste og største Menner fyre tvau hundrad Aar sidan, til aa vera so myket, som ein reint aalmenneleg Mann i vaare Dagar kann vera med letto, og maa og lyt vera av berre Naudsyni.⁶ Men da er for myket, at dei som hava voret Vælgjernings-Menner fyre Mannslægti, skulde fyrst vera hædde og vanvyrde⁷

¹ Eller: Umbot (Forbedring). ² Betragtning. ³ Ringeagt. ⁴ smigre. ⁵ Stilling, Omstændigheder. ⁶ Nødvendigheden. ⁷ haaned og foragede.

av Gaparne i deira eigen Alder, fyre di dei skulde ganga for vidt, og so sidan vera hædde og vanvyrde av Gaparne i dan næste Mannsaldren, fyre di dei inkje skulde ganga vidt nog.

43. Framgangen i Engelland.¹

Naar me skulde spaa um Aaret Nittan hundrad og tretti (elder hundrad Aar her ifraa), at ein Folkesetnad² paa femti Millionar, betre fødde og klædde og hyste en da engelske Folket i vaar Tid, skal vera utbreidd yver desse Øyarna (Stor-Britland og Irland); — — at ei Jordhævding,³ so rik som i ein Urtehage, skal vera drivi like upp under sjølve Fjelltopparne; — at Gangverk elder Maskinor, innreidde paa slike Grunnlag,⁴ som inkje endaa er oppfundne, skal vera te finna i kvar Manns Hus; at dar skal vera ingi Landsvegjer annat en Spongvegjer,⁵ og ingi Reiserferd annat en med Govdrift;⁶ at Riks-Skuldi vaar, so øgjelege stor som ho synest vera fyre oss, vil synast fyre Lang-Barneborni⁷ vaare te vera berre ei filleleg Smaatyngsla, som dei lettelege kunde greida fraa seg paa eit Aar elder tvau; — daa vilde mange Folk tru, at me var galne. Me spaa ingen Ting; men da vil me segja: Um einkvar hadde komet til da Lands-tinget,⁸ som møttest med Raadvilla og Ræddhug etter Striden i Aaret Sjauttan hundrad og tjuge, og hadde fortalt, at i Aaret Attan hundrad og

¹ Fra Engelsk, efter samme Værk (1 Deel, S. 258). Afhandlingen, hvortil dette Stykke hører, er skreven i Aaret 1830. ² Befolkning. ³ I Orig. *cultivation*. ⁴ Principer. ⁵ Jernbaner. Af Spong, el. Spaang (Fl. Spenger), Plade Beslag. ⁶ Dampkraft. ⁷ Børneborns Børn. ⁸ Parliament.

trethi skulde Rikdomen i Engelland ganga yver alle deira villaste Draumar; at dan aarlege Innkomo skulde vera jamstor med Hovdestolen¹ av dan Skuldi, som dei daa hadde haldet fyre ei uberande Byrda; at dar, i Staden fyre ein Mann med Eighedom paa tie tusend Pund i dan Tidi, skulde vera fem Mann paa femti tusend Pund; at Hovdestaden London skulde vera tvo Gonger so stor og tvo Gonger so folkerik, og at likevæl Høgdartalet paa Døyingi² skulde hava minkat til Halvparten mot da, som da daa var; at berre Post-Embættet skulde draga meir inn i Skatthuset, en som Torgskatten³ og Tollarne tilsaman hadde dreget inn, medan Karl dan Andre var Kunge (død 1685); — — at Folk skulde vera vane te sigla utan Vind, og hava teket til aa rida utan Hestar; — daa vilde Forfederne vaare hava sett like so stor Tru til dan Spaadomen, som dei sette til Diktesogorna um Gullivers Reiser (i Smaamanna-Landet).

44. Varmen i Vesterholva.⁴

Da er eit lønande Verk fyre dan aalmennelege Landlæra,⁵ um da endaa kann vera nokot vanskelegt, til aa likna dei ymise Natur-Lagi⁶ i langt av liggjande Jordbolkar⁷ saman med kvarandre, og til aa setja fram Utkomorna⁸ av dan Samanlikningi i nokre faae Merknadar. — Da er mangfaldige og til Deils endaa litet utgreidde Orsaker, som hjelpa til aa minka paa Turr-

¹ Kapitalen. ² Mortaliteten. ³ Accisen. — Et Par Sætninger, om særegne Stedsforholde i England, ere udeladte.

⁴ Fra det Tydske, efter Humboldt. ⁵ Geografie. ⁶ Naturbeskaffenheder. (Kunde her ogsaa hedde: Landslag). ⁷ Jordstrøg. ⁸ Resultaterne.

leiken og Varmen i dan nye Heims-Holvo¹ (Amerika). Da er Smalleiken paa Fastlandet med dei mange Vikarna og Skororna² i nördre Luten av Varme-Bolken;³ dan store Viddi ut imot dei islagde Polarne; eit fritt Storhav, som Varmlendes Vindarne⁴ kverva burt i; Flatleiken paa dei øystre Havlendi; Straumar av kald Havsjø, som skjota seg fram alt ifraa Eldlandet og nord etter like til Peru-Landet; eit stort Tal av kelderike Fjellgardar⁵ med snølagde Kollar, som risa høgt upp yver alle Sky-Flør;⁶ ei rikeleg Nøgd av ovlege store Elvar, som ganga i mange Krokar og alltid søkja til dei Strenderna, som liggja lengst ifraa; Øydemoar⁷ som er sandlause og difyre mindre varmenæme; Skogar som er ukomande igjenom og fylla dan elverike Flata under Sol-Lina,⁸ og som i Indre-Luten av Landet, dar som da er lengst imillom Fjelli og Havet, giva fraa seg ei overmaateleg Mukka⁹ med Vaatrøyk elder Vatn, som er nokot innsøget, og nokot sjølv-avlat; — alle desse Tilhøvi¹⁰ giva da flate Landet i Vesterholvo eit Himmellag,¹¹ som i sin Vaatleike og Svalleike heve ein merkverdug Skilnad ifraa Himmellaget i Sudholvo (Afrika). I dei Tilhøvi ligg Grunnen til dan frauduge, saft-sprikjande¹² Urtevokstren og dan store Lauvrikdomen,¹³ som teknar da sereignarlege Kennemerket¹⁴ paa da nye Fastlandet.

¹ Verdsdelen. Jf. Vesterholva (Amerika). Saaledes i det gamle Sprog: *norðrhálfa* (Europa), *austrhálfa* (Asia), *suðrhálfa* (Afrika). ² Indsnit. ³ den varme Zone. ⁴ de tropiske Vinde. ⁵ kilderige Fjeldkjæder. ⁶ Sky-Lag. (Fleertal af Flo). ⁷ Stepper. ⁸ Æqvator. ⁹ Masse. ¹⁰ Forholde. ¹¹ Klima. ¹² svulmende (af Saft). I Originalen "saftstrotzend". Jf. dansk strutte. ¹³ I Orig. Frondosität. ¹⁴ den eiendommelige Karakter.

45. Gagnet av Heimssogo.¹

Da er ei naturleg Kensla,² og ein kunde mest segja, ei Torv elder Naudsyn,³ som dræg oss til Heimssogo.⁴ Tankesyndi⁵ vil so gerne halda seg hjaa desse Belæti fraa dan framfarne Tidi, og Huglyndet⁶ rørest ved di paa ein godgjerande Maate. — Kva kann væl denne aalmennelege Tilhugen koma av? Han er djupt inngrodd i dan kennesame og sedelege Folke-Kyndi,⁷ som allstad, dar som ho viser seg uskemd og nokorleid fremdad og vitrad, vil ytra seg i ei samhugarleg elder medlidande Kensla,⁸ og som, naar ho lyder sin beste Inngivnad, vil elska og vyrda seg sjølv i Aalmenningsskapan aat Slægti, og inkje i Einstødingskapan aat Mannen.⁹ Til aa kenna denne vidspreidde einaste Slægti, som me høyra til; til aa skyna hennar andelege Liv, som ogso fører vaar eigen litle Livs-Baat med seg paa sin store Straum; til aa læra i da minste aa vona, kva Mid og Maal da er, som me stemna mot; da maa væl vera eit Fyremaal fyre dan høgste Traadomen¹⁰ i dei Ting, som høyra berre til Menneskjo. — Og kvar er da væl, at Menneskjo¹¹ syner seg fyre oss i sin sanne Skapnad, i sitt sjølvare Liv, soleid som i Heimssogo? I henne, og berre i henne er da, at me kennast ved da, som er jamstød

¹ Fra det Tydske, efter Rotteck. Denne Oversættelse er et Forsøg af det vanskeligste Slags, og man kan altsaa ikke vente, at den skal være forstaaelig for Alle. ² Følelse. ³ Trang eller Nødvendighed. ⁴ Verdens-Historien. ⁵ I Orig. "die Imagination." ⁶ Gemyttet. ⁷ i Menneskenes følende og moralske Natur. ⁸ en sympathetisk Følelse. ⁹ I Orig. "nicht in der Isolirung der eigenen Person, sondern in der Allgemeinheit des Geschlechtes". ¹⁰ Interesse; egentlig: Tragten, ogsaa noget at trage eller "traa" efter. ¹¹ Menneskeheden.

og altid varande Folke-Kynd,¹ under so mange tilfellege Umskpnadar, under alle dei ymise Seder og Sereigner,² som høyra til Tid og Stad. Vistnog ytrar denne Kyndi seg i mange skiftande Skap;³ ho er næm til aa taka imot baade Tilskapnad og Vanskapnad, baade Atterhald og Framskot; men likevæl er daa allstad dei same Upplagi⁴ og Emni tilstadar, dei same Tilhugarne og Ovhugarne⁵ er verksame. Aalmennings Gagnet sjaa me allstad liggja i Strid mot Einmennings Traadomen;⁶ men endaa fær da sin Fremde av honom, og igjenom dan mangfaldigaste Blandingi av Tilburdar i Smaahoparne⁷ kann me sjaa ein aalmenneleg Gang i heile Slægti. Difyre er dan, som inkje kenne Heimssogo, ein framande Gest paa Jordi, framande fyre si Slægt og fyre seg sjølv og; han kann inkje skøyta um dei høge Traadomarne,⁸ som Menneskjo heve stridt og strævat fyre like fraa sitt fyrste Upphav; og kva endaa ellest hans Hævleike⁹ kann vera, so kann han daa inkje taka meir en berre ein viljelaus og reidskapleg¹⁰ Part i da aalmennelege Livet i Slægti hans, like eins som eit Hjul, som inkje sjølv veit av, kva Gangverk da er som da grip inn i.

¹ Menneske-Natur. ² Eiendommeligheder. ³ Former. ⁴ Anlæg. ⁵ Tilbøieligheder og Lidenskaber. (Lidenskab hedder ellers: Gir, Fysna, Flosa, Øsa, Ofse). ⁶ Privat-Interesser. ⁷ af partielle Begivenheder. ⁸ Interesser. ⁹ Færdigheder. ¹⁰ passiv og maskinmæssig.

46. Friaren under Glaset.¹

Han lær aat Saar, som aldri kende Saar.
 — Men hyst! — Kvat Ljos er dat² dar upp i Glaset?
 Dat er i Aust, og Julia³ er Soli.
 Sprett, fagre Sol, og tyn dan Maane-Skjegla,⁴
 som alt er sjuk og bleik av berre Ovund,⁵
 at hennar Taus er fagrar' en ho sjølv.
 Ver inkje hennar Taus; dan Ovundsykja,
 so sjukleg grøn er hennar Jomfru-Klædnad;
 d'er berre Narr som ber han. Sleng han av!
 Ja, d'er mi Fru, d'er dan eg held i Hugen;
 aa, giv ho hadde vist dat, at ho er dat!
 Ho talar, utan Ord. Kvat skal ho med dei?
 Ho tala kann med Augom; — eg vil svara.
 Eg er for djerv; d'er inkje meg ho ser paa,⁶
 d'er tvo av fegste⁷ Stjernom dar paa Himlen,
 som gekk ei Ærend, og fekk hennar Augo
 te blinka i sin Stad, til dei kem atter.
 Enn um dei var dar sjølv Augo hennar.
 Kinn-Ljosken hennar hadde skemt dei Stjerner,
 som Dagsljøs skemmer Lampen; hennar Augo
 hadd' straatt so bjart eit Ljos i Himmels Høgdi,
 at Fuglar sang og trudde, dat var Dag.
 Sjaa, kor ho hallar Kinni lint paa Handi,
 Aa, giv eg var ein Vott paa denna Handi,

¹ Fra Engelsk, efter Shakespeare, i "*Romeo and Juliet*," anden akt, anden Scene. ² Ordene "da" og "kva" ere her udfyldte til "dat" og "kvat".
³ Julie, Pigens Navn. Det er hendes Elsker Romeo, som taler. ⁴ den skelende eller misundelige Maane. Maanens Navn betragtes i det Engelske som Hunkjønnsord og omskrives altsaa med "*she*," d.v.s. hun. —
⁵ Misundelse. ⁶ Egentlig: taler til, med Øinene. ⁸²⁷ fagreste.

at eg fekk strjuka Kinni den. — Ho talar. —
Aa tala meir, Ljos-Engel, med du lyser
so klaart i denne Natti kring mitt Hovud,
som naar dat kem ein utfløygd¹ Himmels Sending
mot Folk, som keika² seg og stira beint upp
med undrarsame kvit-snudd' Augo mot han,
naar han skrid um dan seinleg-sigand' Skyi
og sigler yver høge Himmels Barmen.

47. Hus-Livet.³

Dar som dat harde med dat linne
og sterkt og mildt er saman inne,
dar giv dat jamt so god ein Klang.
Di⁴ skal ein, fyrr ein bind seg, prøva,
um Hjarta kann til Hjarta høva.
En Draum er kort, ein Harm er lang.

Prydeleg i Brudar-Lokkor
glimar Møyarkransen frid,⁵
naar dei klaara Kyrkjeklokkor
bjoda Folk til Bryllaups Tid.
Men vaar største Fest i Livet
dræg⁶ med Blomstren av vaart Liv;
naar som Pyntet fell av Vivet,
burt dan blide Draumen⁷ driv.

¹ Eller fljugand'. Egentlig bevinget. ² bøie sig bag over.

³ Fra Tydsk, efter Schiller. Af Klokkesangen (Das Lied von der glocke). De her indførte Stykker af det Tydske findes alle i Autenrieths tydske Læsebog, nemlig No. 44 Side 210, No. 45 Side 304, og No. 47 Side 287 (i Anden Udgave). ⁴ derfor. ⁵ smuk. ⁶ farer bort. ⁷ Egentlig: den skønne Indbildning.

Ja, Fysno¹ fær Slut,
 men Elskende maa hemdast;²
 og Blomen døyr ut,
 men Frukti maa fremdast.³
 Mannen maa ut, i Vaas⁴ og i Møda,
 og syta til Føda,
 maa pløgja og plukka
 og freista si Lukka,
 maa vaaga og trøyta
 og Tiderne nøyta.⁵
 So koma Guds Gaavor i Garden i Lengdi,
 dat aukast i Budi dan munarleg' Fengdi;⁶
 og Bingarne veksa, og Buri seg tøygja
 og heime dar styrer dan hæve Husfrøya,
 dan Moder til Borni;
 so visleg i Lyden⁷ ho fører Stjorni.⁸
 Ho vaktar Smaaguten, ho lærer Smaa-Kella;⁹
 dei trottuge Hender ha' stødt nokot stella.
 Ho aukar sin Vinning
 med skipande Minning;
 med Skattar ho fyller dan daamlege Hylla,
 med Traad ho si snurrande Snelda mun fylla;
 ho sankar i reinslege blenkjande Skrin
 dan slikjande Ulli, dat snøkvite Lin.
 Ho kviler aldri; ho legg dat som fagnar¹⁰
 til dat som gagnar.

¹ den lidenskabelige Elskov. ² holde sig, trives. (Brugeligt i Søndfjord). ³ have Fremgang. ⁴ Strabadser. ⁵ benytte Leilighederne. ⁶ Fangst, Erhvervelse. ⁷ Familien. ⁸ Styrelsen. (Stjorn har lukt o, Born har aabent o). ⁹ Pigebarnet. ¹⁰ behager, fornøier.

48. Barne-Minne.¹

Naar Sjukdom kem med manga saara Rider²
og køler Varmen, som i Aadrom skrider;
naar Helso verter skjerr³ og flyg sin Veg,
kvar Gong at Vaardags-Vedret vender seg;
naar Verken inkje berr' i Kroppen flagar
men ogso paa det fallne Modet gnagar,
og Rygd⁴ og Ræddhug slær med Verken Lag,
so Hugen rys og kvekk med kvart eit Slag,
endaa han undergiven stødt maa strida,
alt med ei vesall Von um Liv mun bida:
daa døyvest Verken tidt, naar Minnet vil
slaa ut sin Ljosstrøym i dat myrke Bil
og um dei gengne glade Dagar mæla,⁵
daa Elsk og Venleik var ei Himmels Sæla,
og tekna blide Barneheimen av
med all dan Leik og Lyst, han alltid gav.
Som Morgonsoli gjenom Vindsky-Flokar
kem fram og lyser i dei myrke Krokar,
straar Gull paa Doggi fraa sin Straalekoll
og blinkar dimt ut paa dan vaate Voll:
so mot mi Framtid, mot dei Dagar svarte,
skyt Minnes-Soli sine Straalar bjarte.
Vist er ho inkje meir som fyrr so klar,
daa skin ho langt att paa dei fyrste Aar;
og Fred fær Hugen, naar han dit kann flya
og røra gamla Tider med dei nya.

¹ Fra Engelsk, efter Byron. Stykket indeholder kun Begyndelsen af et Digt, kaldet "*Childish recollections*," og er temmelig frit oversat. ² Angreb. ³ sky. ⁴ Skæk, Rædsel. "slær lag med," d.v.s. slutter sig til. ⁵ tale.

Ordet "Fred" skulde egentlig hedde Frid, ligesom ogsaa de ord: Sed (Skik), Led, ned og ved egentlig skulde skrives: Sid, Lid, nid, vid (aabent i). Men denne Skrivemaade vilde medføre megen Uleilighed i de afledede og sammensatte Ord, hvor der ofte vilde indtræde en Forvexling med saadanne Ord, som dannes af frid (d.v.s. smuk), sid (lav) og Sida (Side), Lid (Skraaning), Nid (Skam) og vid (rummelig).

I Anledning af Ordet "Menneskjo" (S. 112) kan her anmærkes, at dets Forklaring i Ordbogen er feilagtig, da to forskjellige Ord ere sammenblandede. Disse to Ord ere: 1) *Menneskja, f.* (uden Fleertal), om Menneskeheden, Mennesket i Almindelighed. Jf. Folk. 2) *Menneskje, n.* om et enkelt Menneske, Individ, Person. Det første er vistnok et ægte og brugbart Ord; det andet er derimod tvivlsomt og derhos et ubekvemt Ord, istedetfor Mann eller Menne.

Ordning af Indholdet.

1. Fabel (Dyresoga). Bjørnen og Reven, Side 76.
2. Æventyr (Runesogor). Runekallen og Drengen hans, S. 14. Jøtul-Drengen, 42. Trums-Karen, 10.
3. Æventyrsagn (Vettesogor). Jolaskreidi, 35. Jolareidi, 38. Borgaren paa Ut-Røst, Side 7. Skyttaren paa Heidom, 58. Gento i Lyklahaugen, 32. Langbein Rise, S. 75. Øyarslitet, 30. Risen paa Lidfjellet, 56. Steinen paa Tveit, 49. Gygrarsteinen, 37. Trollet paa Stalltrævet, 73. Trollet i Skervo, 11. Tora paa Nuten, 61.
4. Stedsagn (Heimfasta Segner). Vangs-Kyrkjo, 45. Værnes Kyrkjo, 17. Slaget paa Ustedals-Fitjom, 69. Moss Mossbrunnen, 19. Fruo paa Aam, 25. Guro Eilivs-Tjørn, 66. Argehovden, 63. Gentorna paa Stim, 22.
5. Historier (Lausa Segner). Myntmeisteren, 85. Nils Prest, 40.
6. Anekdoter (Hermingar), 94.
7. Nye Fortællinger. — Eit Innstig, 104. Ulvedansen 79.
8. Beskrivelser. — Søfjorden, 46. Buføringi, 70.
9. Forklaringer (Greidingar). Um Helsing, 28. Um Dikting, 110. Varmen i Vesterholvo, 126.
10. Betragtninger (Skodnadar). Um Storlæte, 117. Døming um Forfederne, 121. Framgangen i Engelland, 124. Gagnet av Heimssogo, 127.
11. Skjemtestykke. — Kjøkemeister-Tale, 50.
12. Riim og Vers. — Friaren under Glaset, 129. Huslivet, 131. Barne-Minne, 133.

13. Sang. — Stev, 96. Voggevisor, 21.
14. Ramser (Reglor). Guten med Geiti, 97. Bonden og Trollet, 13.
15. Gaader, 99.
16. Ordsprog (Ordtøke), 101.

*

Tillæg

Til Anm. Side 9. — Det Tegn, som her og i det følgende er indsat foran visse Endelser og især foran **a** og **e**, nemlig Apostrofen (‘), betegner ikke, at noget er udeladt, men kun at den foregaaende Stavelse har en stærk Betoning ligesom i Eenstavelsesord, hvorimod Endestavelsen bliver kun svagt betonet; f. Ex. Øy’a (Øen), Hav’e (Havet), o. s. v.

*